

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.01.2012
Frå: **Administrerende direktør**
Sakhandsamar: **Kristine Enger**
Saka gjeld: **Oversikt over born fødd av kvinner i LAR i 2011**

Administrerende direktør si orientering pkt 1
Styresak 003/12 O

Styremøte 01.02. 2012

Informasjon om utpeika sjukehus og tal for barn fødd av kvinner i LAR

Helsedirektoratet kom den 2. mai 2011 ut med ei nasjonal retningsline for gravide i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) og oppfølging av familiane fram til barnet når skolealder (IS 1876). I denne blir dei regionale helseføretaka råda til å peike ut eit fåtal sjukehus som kan ta imot fødande kvinner i LAR og andre kvinner der ein kan forvente abstinensar hos den nyfødde. Dette for å sikre at føde- og barneavdelingane som tek imot desse kvinnene og barna deira opparbeider og opprettheld tilstrekkeleg kompetanse på området.

Etter ei samla vurdering der mellom anna medisinsk kompetanse og nærleik til tenestene vart vektlagt, peika Helse Vest RHF i brev dagsett 22. august 2011 ut følgjande sjukehus i regionen til å ta imot fødande kvinner i LAR og andre kvinner der ein kan forvente abstinensar hos den nyfødde:

- Haukeland Universitetssjukehus
- Stavanger Universitetssjukehus
- Haugesund Sjukehus

For 2011 kan desse sjukehusa vise til følgjande tal:

	Barn fødd av kvinner i LAR	Barn fødd med abstinens
Haukeland Universitetssjukehus	2	1
Stavanger Universitetssjukehus	4	3
Haugesund Sjukehus	6	7

Tal for barn fødd med abstinens gjeld alle barn, også barn fødd av kvinner i LAR.

Komplette tal for regionen som eit heile vert samla inn og formidla gjennom Medisinsk fødselsregister (MFR). Registeret har no berre tal å vise til for 2009. Tal for 2010 vert venta i slutten av februar 2012. Sjå tabellar frå MFR lagd ved.

Tabellar frå Medisinsk fødselsregister for 2009 (MFR):

Tabell 1: Faktiske tal og del per 1000 barn fødd frå og med veke 22 der mor enten bruker Metadon eller Subutex, eller fødeavdelinga har rapportert at mor misbruker alkohol og/eller stoff i svangerskapet.

Fødselsår	Rogaland		Hordaland		Sogn-Fjordane	
	Mor misbruker / LAR		Mor misbruker / LAR		Mor misbruker / LAR	
	Antall	Andel pr 1000	Antall	Andel pr 1000	Antall	Andel pr 1000
1999	4	0,68	3	0,50	0	0,00
2000	6	1,07	3	0,48	0	0,00
2001	6	1,10	18	3,05	1	0,75
2002	4	0,76	12	2,07	3	2,29
2003	4	0,73	9	1,55	3	2,21
2004	6	1,10	4	0,67	0	0,00
2005	7	1,27	6	1,00	0	0,00
2006	10	1,69	8	1,33	0	0,00
2007	6	1,03	9	1,49	1	0,81
2008	10	1,63	10	1,59	0	0,00
2009	4	0,63	10	1,54	2	1,62
Totalt	67	1,07	92	1,38	10	0,69

Kjelde: MFR

Tabell 2: Faktiske tall og del per 1000 barn fødd frå og med veke 22 med abstinens.

Fødselsår	Rogaland		Hordaland		Sogn-Fjordane	
	Abstinens barnet		Abstinens barnet		Abstinens barnet	
	Antall	Andel pr 1000	Antall	Andel pr 1000	Antall	Andel pr 1000
1999	2	0,34	2	0,33	0	0
2000	4	0,71	1	0,16	1	0,70
2001	4	0,73	3	0,51	0	0,00
2002	2	0,38	3	0,52	0	0,00
2003	6	1,09	1	0,17	1	0,74
2004	3	0,55	5	0,83	2	1,53
2005	7	1,27	4	0,67	0	0,00
2006	7	1,18	2	0,33	1	0,82
2007	1	0,17	4	0,66	1	0,81
2008	9	1,47	6	0,95	0	0,00
2009	2	0,32	4	0,62	1	0,81
Totalt	47	0,75	35	0,53	7	0,49

Kjelde: MFR

Det er ikkje gjort ei undersøking av validiteten (kvaliteten) på rapporteringa av desse tala. Grunna ny rutine med melding frå nyfødtdavdelingane til MFR frå 1999, reknar MFR med at det kan vere ei underrapportering dei første åra frå 1999.